



NVE
Middeltunsgate 29, Postboks 5091, Maj.
0301 OSLO

nve@nve.no

Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge tre småkraftverk i Lærdal kommune

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 01.06.2016 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Samla vurdering

A. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet i Lærdalen med sidedalar er stort, og at dei tre nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudintrykket av dette. For dei to prosjekta i elva Kuvelda er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små til moderate, og fylkeskommunen rår difor til utbygging. Vidare kan ei utbygging i elva Kvemma akseptast, utan overføring av Volldøla der landskapsinteressene er for store til at fylkeskommunen kan rå til utbygging. Om det skulle bli gitt løyve med overføring av Volldøla, må minstevassføringa her aukast vesentleg.

B. Når det vert gitt løyve, må krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 setjast som konsesjonsvilkår.

2. Tynjadalen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

3. Fosseteigen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

4. Øvre Kvemma kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging utan overføring av Volldøla. For Volldøla er det lagt vekt på at landskapsinteressene er for store til å kunne tilrå utbygging. Om det skulle bli gitt løyve med overføring av Volldøla, må minstevassføringa her aukast vesentleg.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
Plansjef

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

NVE Middeltunsgate 29, Postboks 5091, Maj. 0301 OSLO

